



Amsterdam fekk EM i 2016

FRIIDRETT: Amsterdam skal arrangere friidretts-EM i 2016, bestemte styret i Det europeiske friidrettsforbundet (EA) fredag. Nederlendarane vann kampen føre tyrkiske Istanbul og kroatisk Split.

– Me er fornøgde med å ha valt Amsterdam som vertsby for EM i 2016. Eg er sikker på at det kjem til å bli ein flott meisterskap, sa EA-president Hansjörg Wirz etter at saka var avgjort.

Barcelona hadde EM i 2010, og det er Zürich som blir arrangør i 2014. Det europeiske forbundet har vedtatt at det også skal vere EM kvart andre år, men det blir snakk om litt amputerte meisterskapar i OL-åra. Maraton og kappgang står ikkje på programmet i dei meisterskapa.

Helsingfors skal ha den første toårige meisterskapen neste sommar, og no kjem altså Amsterdam til å få det andre. (©NPK)

Kåra til årets trenar

FOTBALL: Brann-trenar Rune Skarsfjord er kåra til årets trenar på herresida i norsk fotball av Norsk Fotballtrenerforening (NTF). Før sesongstart tvilte mange på mulegheitene til Brann, men Skarsfjord har ført bergensklubben til cupfinale og ein førebels fjerdeplass i eliteserien. I gårsdagens cupfinale kom Brann til kort mot Aalesund, og tapte 1-2. (©NPK)

Sende Stord heim med tap

KHK-Stord 26-22 (14-11)

KHK:

Linn Therese Skauge	
Marte Lie Børve	2
Jeanette Skatvold	2
Marianne Øvstebø	11
Camilla Hirth	2
Marita Saghaug	
Renate Brix	2
Ina Solberg	5
Mona Øvstebø	
Mariann Nymark Jensen	2

Stord:

Malene Auestad	
Stine Aamodt	3
Christine Steenstrup	1
Susanne Totland	
Mathilde Å. Nysæther	2
Karoline Pedersen	1
Hanne Rønne	2
Sandra Lunde	6
Line Engevik	3
Trude Sporsheim	
Kjersti Ystad	4
Malene Nordhus	

Det var ein svært skuffa Stord-trenar som måtte sjå damene sine slegne av eit redusert Kvinnherad-lag i Husnes-hallen.

Kvinnherad handballklubb (KHK) viste ingen stor gjestfridom då dei tok i mot Stord til 2.divisjonskamp i Husnes-hallen laurdag. Og det trass i at trenaren til KHK, Arne Lindeflaten, var lite optimistisk før kampen.

– Me har mange skadar, og manglar fem av våre svært sentrale spelarar. Me har derfor måtte ta inn jenter som ikkje har spelt kampar på mange år. På bakgrunn av dette har eg absolutt ingen forventingar til kampen i dag, sa Lindeflaten minuttar før kampstart.

Stord-trenar Sigurd Sævareid var derimot veldig optimistisk før han sleppte damene utpå.

– Dette blir ein bra kamp. Med tanke på kor mange av

Kvinnherad-spelarane som er ute med skade, så skal dette bli ein match som me skal vinna, sa han.

Men berre minuttar ut i kampen var det allereie mykje som tyda på at Sævareid sine spådommar ikkje skulle gå i oppfylgning. KHK gjekk opp i leiinga frå starten av, og heldt eit overtak på tre-fire mål jamt gjennom nesten heile fyrste omgang. Dei siste minuttane sette imidlertid Stord inn eit ekstra gir, og fekk plassert nokre solide skot i nettet til KHK. Fem minuttar før pause såg det ut som om gjestene hadde teke heimelaget igjen. Det likte ikkje heimelaget, og skjerpa slik at dei kunne gå til pause med ei leiing på 14-11.

Hadde stålkontroll

Også i andre omgang tok heimelaget styringa frå start. Etter 40 minuttar spelt stod det 20-14 til Kvinnherad, og Stord-damene byrja å bli tydeleg stressa. KHK hadde på det meste ei leiing på ni-ti mål, og keeper Mona Øvstebø hadde stålkontroll på dei få ballane som kom frå gjestene. Ni minuttar før slutt stod det 23-14 til heimelaget. Det var openbart at dette var ein prestisjekamp for laga, for dei var begge veldig pågåande i forsvar. Ved fleire høve enda det i til dels aggressive taklingar. Spelarar på begge laga fekk både gule kort og utvisningar på to minuttar. Då to av KHK-spelarane fekk kvar sin to minuttar mot slutten av kampen, gav det Stord eit lite rom til å ta litt innpå vertane. Men det var likevel for lite og for seint, og kampen enda 26-22 til heimelaget. Sævareid la ikkje skjul på skuffelsen etterpå.

– Eg er veldig skuffa. Kva som gjekk gale? Analyseringa får me ta etter helga, men det



Christine Steenstrup og Stord sleit med å overlista KHK-forsvaret der Mona Øvstebø gjorde ein god innsats i mål.

er tydeleg at me har spelarar som ikkje er villige nok til å gå på mål. Me har eit lag med godt potensial, men det hjelper så lite når det ikkje kjem til uttrykk i spelet vårt. Det vert sett inn ein intensivert innsats dei siste fem minuttane, men spørsmålet er kor denne innsatsen blir av resten av kampen. Me har mykje å ta tak i no når helga er over, sa han.

Kanonkjekt

Lindeflaten derimot, han smilte frå øyre til øyre.

– Dette var kanonkjekt.

Stord har vore eit lag me ikkje har vunne over. No har me gjort det. Det kjennest berre utruleg bra! Me spelte godt i forsvar i dag. Eg er spesielt imponert over innsatsen til jentene som kom inn i dag og ikkje har spelt på årevis. Den innsatsen dei gjorde i dag, har eg ikkje ord for, sa han.

Kvinnherad er etter sigeren plassert på tredjeplass på tabellen, medan Stord er på 11. plass, og dermed under streken.

handballtabell

2. divisjon kvinner avd. 4

Fyllingen - Sotra	24-20
Kvinnherad - Stord	26-22
Kvinnherad - Os	19-31
NHHI - Kjølkelvik	32-35

Fana	8	8	0	0	283-150	16
Os	8	7	0	1	253-174	14
Kvinnherad	9	5	1	3	256-225	11
Fyllingen	7	5	1	1	246-172	11
Sotra	8	5	0	3	168-154	10
Kjøkelvik	9	4	1	4	255-262	9
NHHI	9	3	1	5	226-234	7
Årstad 2	7	3	0	4	169-202	6
Bergen HK	7	2	0	5	165-210	4
Bjørnar 2	7	1	1	5	147-195	3
Stord	7	1	0	6	161-186	2
Askøy	8	0	1	7	148-284	1

ELISABETH BERG HASS, GRENDA



Stordtrenar Sigurd Sævareid var optimist før start, men måtte returnera frå Kvinnherad med eit sviande tap.